

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 06.03.2014 kl. 14.00 på
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Skeidarbygget**

SAKLISTE:

- Sak 01/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 18. november 2013
- « 02/14 - Forvaltningsrevisjonsrapport – Sakshandsaming byggjesaker i Sula kommune
- « 03/14 - Spørsmål til rådmannen, jf. brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.01.2014
- « 04/14 - Eventuell gjennomgang av tema frå utvala sine møtebøker
- « 05/14 - Utgreiing om organisering av revisjonsdistrikt - orienteringssak
- « 06/14 - Motteke brev frå Øyra Entreprenør AS om habilitet
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Jim Arve Røssevoll
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SULA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 18.11. 2013, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Jan Arild Lied, Svein Værnes, Gunnvor Reistad Aannø og varamedlem Per Sortehaug

= **5 voterande**

Marianne Molvær hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen,

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 09/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. MAI 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 6. mai 2013 blir godkjent.

SAK 10/13

BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2013

Saksdokument datert 31.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 11/13
VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - SULA KONTROLLUTVAL

Saksdokument datert 31.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 60.000 kroner.

SAK 12/13
EVENTUELL GJENNOMGANG AV TEMA FRÅ UTVALA SINE MØTEBØKER

Saksdokument datert 31.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Eit tema som kom opp var innleigd konsulentarbeid generelt og konsulentarbeid knytt til prosjektering av bygg og anlegg spesielt. Ved nybygg er konsulentarbeid ved prosjektering ein del av byggesummen og det vart stilt spørsmål om slike konsulentoppdrag blir behandla i kommunestyret. Det vart også stilt spørsmål om konsulentarbeid blir lyst ut for konkurranse i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet sender eit brev til rådmannen for å få temaet avklart.

SAK 13/13
STATUS FORVALTNINGSREVISJON, JF. SAK 07/13 - ORIENTERINGSSAK

Saka hadde utgangspunkt i vedteken plan for forvaltningsrevisjon. Det vart også stilt spørsmål om selskapskontroll/forvaltningsrevisjon av ÅRIM og selskapskontroll av Sula Bedriftsteneste AS. Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte. Når det gjeld forvaltningsrevisjon av byggesaker er informasjonsinnhentinga ferdig. Eit rapportutkast vil bli sendt på høyring og det blir teke sikte på behandling av rapporten i kontrollutvalet i februar. Selskapskontroll er ikkje påbegynt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 14/13
DRØFTING AV TEMA FOR SAKER SOM KAN KOMME

Etter initiativ frå leiar tok Per Sortehaug som er medlem av takstnemnda opp rutinar for oppgjør ved kjøp og sal av eigedom. Han meinte det i enkelte tilfelle mangla økonomisk oppgjør og var interessert i kva rutinar kommunen hadde på dette området.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrolluvalsekretariatet sender brev til rådmannen for å innhenta rutinebeskrivelsar på området.

SAK 15/13

STATUSRAPPORT OM TIDLEGARE BEHANDLA

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM SJUKEFRVÆR (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir sendt brev til rådmannen med forespørsel om oppfølging av denne rapporten.

Jim Arve Røssevoll
leiar
(sign.)

Jan Arild Lied
nestleiar
(sign.)

Svein Værnes
medlem
(sign.)

Gunnvor Reistad Aannø
medlem
(sign.)

Per Sortehaug
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 25.02.2014

**SAK 02/14
SAKSHANDSAMING AV BYGGJESAKER I SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Forvaltningsrevisjonsrapport - Sakshandsaming av byggjesaker i Sula kommune

Kommunen har gitt høyringsssvar datert 25.01.2014. Dette følgjer rapporten.

Problemstillingane som er lagt til grunn for denne forvaltningsrevisjonen er:

- Korleis sikrar rådmannen at lover og reglar blir etterlevd?
- Korleis sikrar rådmannen at det er sakleg likehandsaming for innbyggjarane til kommunen?
- Korleis sikrar rådmannen at kommunen oppfyller sit tilsynsansvar og plikt til å følgje opp eventuelle brot på lover og reglar innan saksfeltet?

Det er avdekt at tiltakshavar i for liten grad etterspør ferdigattest, trass i at dei blir gjort skriftleg merksame på at dette skal avslutte byggesaka. Kommunen har dei siste åra ikkje gjennomført tilsyn, men er kjent med pliktene til dette etter plan- og bygningslova. Eventuelle ulovlege tiltak blir oppdaga tilfeldig. Det kan knytte seg uheldige langtidsverknader til at kommunen ikkje nyttar ressursar på tilsyn og kontroll samt eit systematisk arbeid for å avdekkje ulovlegheiter.

Etter kommunerevisjonen si vurdering har kommunen dokumentert eit saksbehandlingssystem og kompetansenivå som kan bidra til å sikre etterleving av lover og reglar, men vil peike på mulig forbetningspunkt:

- Utarbeide system og rutinar for mottakskontroll
- Utarbeiding av sjekklister om kvalitetsikring av heile saksbehandlingsprosessen
- Utarbeide rutinar og strategiar for tilsyn

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med slik

innstilling :

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport, Sakshandsming byggjesaker i Sula kommune til orientering.
2. Rådmannen blir bedt om å merke seg revisjonens forslag til forbetringar og legge vekt på desse områda i det vidare arbeidet med:

Utarbeiding av system og rutinar for mottakskontroll

Utarbeiding av sjekklister om kvalitetsikring av heile saksbehandlingsprosessen

Utarbeiding av rutinar og strategiar for tilsyn

3. Kontrollutvalet får tilbakemelding om forbetningsarbeidet innan 30.06.2014.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 25.02.2014

**SAK 03/14
SPØRSMÅL TIL RÅDMANNEN, JF. BREV FRÅ
KONTROLLUTVALSEKRETARIATET AV 13.01.2014**

Som vedlegg følger:

- Brev til rådmannen datert 13.01.2014
- Brev frå rådmannen datert 04.02.2014 og 07.02.2014

Det er gitt svar på dei tilsendte spørsmåla. Det kan likevel vere av verdi at rådmannen møter og gir utfyllande opplysningar samt svarar på spørsmål. Størst behov for dette er gjeld nok til sak 14/13.

Harald Rogne
dagleg leiar



SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Vår dato:
13.01.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Sula kommune
Rådmannen
Postboks 280
6039 Langevåg

Spørsmål til rådmannen

I sak 12/13 drøfta kontrollutvalet temaet innleigd konsulentarbeid generelt og konsulentarbeid knytt til prosjektering av bygg og anlegg spesielt. Ved nybygg er konsulentarbeid ved prosjektering ein del av byggesummen og det vart stilt spørsmål om slike konsulentoppdrag blir behandla i kommunestyret. Det vart også stilt spørsmål om konsulentarbeid blir lyst ut for konkurranse i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

Kontrollutvalet fatta slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet sender eit brev til rådmannen for å få temaet avklart.

Etter initiativ frå leiar tok Per Sortehaug, som er medlem av takstnemnda, under sak 14/13 opp rutinar for oppgjør ved kjøp og sal av eigedom. Han meinte det i enkelte tilfelle mangla økonomisk oppgjør og var interessert i kva rutinar kommunen hadde på dette området.

Kontrollutvalet fatta slikt samrøystes vedtak:

Kontrollualsekretariatet sender brev til rådmannen for å innhenta rutinebeskrivelsar på området.

I sak 15/13, Statusrapport om tidlegare behandla forvaltningsrevisjonsrapport om sjukefråvær fatta kontrollutvalet slikt vedtak:

Det blir sendt brev til rådmannen med forespørsel om oppfølging av denne rapporten.

Svar er ønska innan 7. februar.

Med helsing

Harald Rogne
dagleg leiar



Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS
Pb 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Vår ref.:
14/1672

Saksbeh.:
ARY

Ark.:

Dykkar ref.:

Dato:
04.02.2014

SVAR PÅ SPØRSMÅL TIL RÅDMANNEN

Viser til brev datert 13.01.2014

Svar på sak 12/13:

Det vert normalt ikkje lagt fram sak til kommunestyret om godkjenning av konsulentar i samband med prosjekt innan bygg og anlegg. Utlysing og tildeling av oppdrag vert gjort i samsvar med lov om offentlege anskaffingar, og vert utført av administrasjonen, evt i samarbeid med innkjøpsamarbeidet i Ålesund. I særskilte saker der byggenemnd eller fagutval for PBD ber om det, vert det laga sak om godkjenning av konsulent til utvalet.

Innafor eininga deler vi konsulentbruken på to områder;

Kommunaltekniske tenester (VVA):

Innan området er det per dato liten bruk av konsulentar då ein har god kompetanse og kapasitet til å prosjektere i eininga. Det er inngått rammeavtale på innkjøp av konsulenttenester gjennom innkjøpsamarbeidet i Ålesund. Det vil verte naudsynt å auke bruken av konsulenttenester i år for å få gjennomført vedteken tiltaksplan for 2014 (Ref store investeringar hovudsakleg knytta til kommunedelplan avlaup).

Eigedom:

Av kapasitetsmessige årsaker i kommunen er det naudsynt å leige inn konsulentar til dei fleste faser i byggeprosjekta. Sula kommune lyste ut rammeavtale på konsulenttenester innan byggområdet i november 2012. Konkurransgrunnlaget, protokoll mm. er å finne i Acos websak på arkivmappe 11/1495.

Kommunen kan velje å hente inn pris på enkeltoppdrag etter ønske og har gjort dette mellom anna for renoveringa av gymbygget ved Sula U. Sjå prisførespurnad, protokoll mm. i arkivsak 13/891.

Svar på sak 14/13:


Viser til arkivsak 06/2420 for «prinsipp om utbetaling av oppgjjer for kjøp av grunn» samt diverse rutiner. Siste revisjon var framme for godkjenning av formannskapet 12.06.2013.


Svar på sak 15/13:

| | | | | |
|---|---|--|---|------------------------------------|
| Adresse: Postboks 280 6039 LANGEVÅG | Telefon: Sentralbord: 70 19 91 00 Saksbeh: 70199114 Telefaks: 70 19 91 01 | E-post: postmottak@sula.kommune.no Web: www.sula.kommune.no | Bankgiro: 8647 10 92152 Skattekonto: 6345 06 15317 | Foretaksnr.: 964 980 543 |
|---|---|--|---|------------------------------------|

Svar kjem i eige brev.

Med helsing


Leon Aurdal
Rådmann


Alexander Remøy Ytterland
einingsleiar, PBD



Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Vår ref.:
14/1846

Saksbeh.:
KBE

Ark.:
461, &32

Dykkar ref.:

Dato:
07.02.2014

SVAR: SPØRSMÅL TIL RÅDMANNEN GJELD SAK 15/13

Det vises til brev dagsett 13.01.14.

Det vises også til melding om vedtak i Sula kommunestyre K-sak 105/12. Kopi vedlagt. Etter ønske frå rådmannen har kommunens IA-utval i møte 28.02.2013 vurdert og kome med forslag til utbetringane som det er peika på i Forvaltningsrapport 1/2012. IA-utvalet er eit administrativt utval som består av representantar av partane som har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv i Sula kommune; arbeidsgivar, arbeidstakar og NAV Arbeidslivssenter. Utvalet skal blant anna følgje opp og revurdere den lokale handlingsplanen for IA-arbeidet i Sula kommune.

Vedlagt følgjer referat frå møtet i IA-utvalet 28.02.13. Nedanfor refereres utvalets punkt 2 der rådmannen sine kommentarer kjem fram under det enkelte punktet.

Konklusjon:

IA-utvalet drøfte dei ulike punkta og foreslår følgjande;

*a) **Behov for betre opplæring i ACOS;** Utvalet meiner at behovet er ulikt hos leiarane og foreslår at rådmannen får tilbakemelding frå leiarane sjølv om kven som eventuelt treng opplæring og kva den skal bestå i. Ein kan samstundes minne om at ACOS rutinehandbok for personalsaker i tillegg til andre verktøy slik som arkivrettleiar (for websak), veileidar for oppretting av personalmappe, mv.*

Kommentar frå rådmannen 06.02.14;

På eit intern-kurs den 4.2.14 for ACOS-brukere i kommunen, kom det fram ønske om oppfriskningskurs i WebSak. Dette vil bli arrangert for dei som har behov for dette.

*b) **Målsettingane for sjukefraværet er ikkje særleg toppforankra.** Målsettingane kjem fram i handlingsplanen for IA-arbeidet i form av sykefraværspresentar og etterprøvelige aktivitetsmål. IA-utvalet har som oppgåve å utarbeide og følgje opp handlingsplanen. For å søke ei betre forankring foreslås at forslag til handlingsplan vert lagt fram for rådmannen med anbefaling om at den sendes ut på høyring til einingsleiarane for vidare innspel og kommentar.*

Adresse:

Postboks 280
6039
LANGEVÅG

Telefon:

Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70199110
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:

postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:

8647 10 92152
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:

964 980 543

Kommentar frå rådmannen 06.02.14;

Gjeldande handlingsplan gjeld for perioden 2011-2013. Arbeidet med ny handlingsplan har vore utsett i påvente av ny sentral IA-avtale som blant anna gir føringar for den lokale handlingsplanen. Det er no planlagt oppstart av arbeidet i mars 2014. Rådmannen ser for seg at ein vil følgje rådet frå IA-utvalet, som vil gi grunnlag for ei betre forankring i toppleinga.

c) Korttidssjukefråværet, foreslår å kartlegge i kva grad dette har med ein uheldig fråværskultur. IA-utvalet er ikkje kjent med at det fins ein uheldig fråværskultur når det gjeld korttidssykefråværet i Sula kommune. Tvert imot så oppleveres det som om at det er ei stram oppfølging frå leiarane si side. Det kan likevel ha noko for seg å legge opp til at leiarane har eit betre verktøy for å handtere denne type fråvær. Utvalet foreslår derfor;

1) Det utarbeides eiga rutine for oppfølging av korttidssykefråværet.

2) Sjå også forslag i pkt. 1.

Kommentar frå rådmannen 06.02.14;

1) Arbeidet er så vidt i gang, og forventes ferdigstilt i løpet av våren 2014.

2) Rådmannen arrangerer AKAN mini-seminar for alle leiarane, verneombod og tillitsvalde den 9. april. Foreleser kjem frå AKAN Kompetansesenter. Ein vil i etterkant av seminaret vurdere både eksisterande AKAN-reglement samt behov for eventuelle nye rutiner.

d) Vurdere å få inn medlemmer frå kommunestyret i Arbeidsmiljøutvalet. Ingen spesielle kommentarer idet rådmannen vil legge fram eiga sak til kommunestyret.

Kommentar frå rådmannen 06.02.14;

Rådmannen har i møte 20.06.13 lagt fram sak til kommunestyre om representasjon i arbeidsmiljøutvalet. Kommunestyre vedtok følgjande;

K-031/13 Vedtak:

Sula kommunestyre velgjer å ikkje stille representant i arbeidsmiljøutvalet.

e) Kontroll og oppfølging av at rutinene for sykmeldte arbeidstakere vert fulgde; Sykefråvær og IA-arbeidet forøvrig, er eit tema ein har stort fokus på i kommunen og som veldig ofte står på dagsorden til både rådmann, einingsleiarar, tillitsvalde og verneombod.

IA-utvalet vil peike på at kontroll og oppfølging skjer i lina via ulike rapporteringsmåtar. Innføring av nye IKT-system i 2012 gjer at det er enklare for leiarar på alle ledd i organisasjonen å ta ut informasjon (sykefraværstatistikkar) når dei har behov for det.


Kommentar frå rådmannen 06.02.14;

Rådmannen er samd i IA-utvalets vurdering og har ingen kommentarer utover det som er nemnt.

Med helsing



Leon Aurdal
rådmann



Gunnar Trones
leiar støttestab



Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref.:
12/18086

Saksbeh.:
RF

Ark.:
461, &32

Dykkar ref.:

Dato:
20.12.2012

**MELDING OM VEDTAK I SULA KOMMUNESTYRE:
FORVALTNINGSRAPPORT 1/2012: GJENNOMGANG AV
SJUKEFRÅVÆRET I SULA KOMMUNE.**

Sula kommunestyre gjorde i møte 15.11.12 (K-sak 105/12) slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret tek forvaltningsrapport nr 01/2012 – Gjennomgang av sjukefråvær i Sula kommune – til orientering.*
- 2. Kommunestyret ber rådmannen vidareføre det gode arbeidet og fokuset som rettar seg mot sjukefråværet i dei kommunale driftseiningane.*
- 3. Rådmannen blir bedt om å merke seg revisjonens forslag til forbetringar og legge vekt på desse områda i det vidare arbeidet.*
- 4. Kontrollutvalet og kommunestyret får tilbakemelding om forbetringsarbeidet før ferien 2013.*
- 5. Det skal leggst fram sak om kommunestyrerepresentasjon i arbeidsmiljøutvalet.*

Kopi av saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Ragnhild Fiskerstrand
førstekonsulent

| | | | | |
|-----------------|--------------------------|----------------------------|---------------------|---------------------|
| Adresse: | Telefon: | E-post: | Bankgiro: | Foretaksnr.: |
| «Sse_Adr» | Sentralbord: 70 19 91 00 | postmottak@sula.kommune.no | 8647 10 92152 | 964 980 543 |
| «Sse_Postnr» | Saksbeh: «Sbr_Tlf» | Web: | Skattekonto: | |
| «Sse_Poststed» | Telefaks: «Sse_Fax» | www.sula.kommune.no | 6345 06 15317 | |

Vår ref.:
13/3283Saksbeh.:
KBEArk.:
440

Dykkar ref.:

Dato:
28.02.2013**REFERAT FRÅ MØTE I IA-UTVALET 28.02.13**

Tilstades; Oddrun Måseide, Rigmor Olsnes (DELTA), Marit Veddegjerde (FAGF), Eva-Karin Blomvik (HVO), Grethe Skog (NAV Arbeidslivssenter) og Karoline Bøe

1. **AKAN** (Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk)
Sula kommune har eiga AKAN-kontakt (sjå intranettet) samt retningslinjer for AKAN. HVO refererte frå nettverkssamling for AKAN-kontakter i regionen. Det nemnes blant anna at AKAN har eigne heimesider (www.akan.no) og kontakttelefon som alle kan ringe og søke råd. Dei besøker bedrifter (gratis første gong, deretter kr 500 pr gong) etter ønske og held foredrag. AKAN påstår blant anna at 30% av korttidssykefraværet har bakgrunn i alkohol.

Konklusjon:

IA-utvalet foreslår for rådmannen at det settes fokus på AKAN via informasjon til leiarar, tillitsvalde og verneombod frå AKAN, gjerne via bedriftsbesøk. Utvalet ser at retningslinjene for AKAN er av eldre dato og det foreslås en gjennomgang og oppdatering av desse.

2. **Gjennomgang/revisjon av rutinene for sykmeldte i Sula kommune**
Rådmannen har bedt om forslag til utbetringane som er nemnt i kommunestyrevedtak K-sak 105/12;
 - a) Behov for betre opplæring i ACOS
 - b) Målsettingane for sjukefraværet er ikkje særleg toppforankra.
 - c) Korttidssjukefraværet, foreslår å kartleggje i kva grad dette har med ein uheldig fråværskultur.
 - d) Vurdere å få inn medlemmer frå kommunestyret i Arbeidsmiljøutvalet.
 - e) Kontroll og oppfølging av at rutinene for sykmeldte arbeidstakere vert fulgde;

Konklusjon:

IA-utvalet drøfte dei ulike punkta og foreslår følgjande;

- a) Behov for betre opplæring i ACOS; Utvalet meiner at behovet er ulikt hos leiarane og foreslår at rådmannen får tilbakemelding frå leiarane sjølv om kven som

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅGTelefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70199110
Telefaks: 70 19 91 01E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.noBankgiro: 8647 10 92152
Foretaksnr.: 964 980 543
Skattekonto:
6345 06 15317

eventuelt treng opplæring og kva den skal bestå i. Ein kan samstundes minne om at ACOS rutinehandbok for personalsaker i tillegg til andre verktøy slik som arkivrettleiar (for websak), veileidar for oppretting av personalmappe, m.v.

- b) Målsettingane for sjukefraværet er ikkje særleg toppforankra. Målsettingane kjem fram i handlingsplanen for IA-arbeidet i form av sykefraværspresentar og etterprøvelige aktivitetsmål. IA-utvalet har som oppgåve å utarbeide og følgje opp handlingsplanen. For å søke ei betre forankring foreslås at forslag til handlingsplan vert lagt fram for rådmannen med anbefaling om at den sendes ut på høyring til einingsleiarane for vidare innspel og kommentar.
- c) Korttidssjukefraværet, foreslår å kartleggje i kva grad dette har med ein uheldig fraværskultur. IA-utvalet er ikkje kjent med at det fins ein uheldig fraværskultur når det gjeld korttidssjukefraværet i Sula kommune. Tvert imot så opplevs det som om at det er ei stram oppfølging frå leiarane si side. Det kan likevel ha noko for seg å legge opp til at leiarane har eit betre verktøy for å handtere denne type fravær. Utvalet foreslår derfor;
- a) Det utarbeides eiga rutine for oppfølging av korttidssjukefraværet.
 - b) Sjå også forslag i pkt. 1.
- d) Vurdere å få inn medlemmer frå kommunestyret i Arbeidsmiljøutvalet. Ingen spesielle kommentarer idet rådmannen vil legge fram eiga sak til kommunestyret.
- e) Kontroll og oppfølging av at rutinene for sykmeldte arbeidstakere vert fulgde; Sykefravær og IA-arbeidet forøvrig, er eit tema ein har stort fokus på i kommunen og som veldig ofte står på dagsorden til både rådmann, einingsleiarar, tillitsvalde og verneombod. IA-utvalet vil peike på at kontroll og oppfølging skjer i lina via ulike rapporteringsmåtar. Innføring av nye IKT-system i 2012 gjer at det er enklare for leiarar på alle ledd i organisasjonen å ta ut informasjon (sykefraværstatistikkar) når dei har behov for det.

3. Årsmelding 2012

- a) Utkast til årsmelding for IA-utvalet (oppfølging av handlingsplanen) var sendt ut i forkant. Den er enno ikkje ferdig og innspel mottas med takk. Det ligg no føre 2 statistikkar for 2012 som er tekne med; sykefravær og personar på arbeidstrening. Sykefraværet omtales i eige punkt.
- b) Sykefraværstatistikk for 2012 viser ein oppgang på 0,3% frå 2011 for heile kommunen. Målet for nærværsfaktoren er på 93 %. Utvalet er ikkje spesielt bekymra for at ein ligg 0,1% under målet, men håper rådmannen vil legge til rette for at det gode arbeidet med oppfølging av sykmeldte vil fortsette framover.

Utvalet har sett på sykefraværet ved dei ulike einingane. Auken på enkelte einingar kan forklaras ved at det er få langtidssykmeldte som gir seg utslag i eit relativt stort auke av sykefravær. Ein er også kjend med at det i enkelte einingar pågår ulike prosjekt/tiltak for å redusere/forebygge sykefravær.

Vitamininnsprøytningar som fokus på arbeidsglede vil kunne være med på å heve motivasjonsfaktoren og trivselen på arbeidsplassen og dermed også forebygge og redusere sykefravær.

Utvalet har følgjande kommentar for auken av sykefraværet ved einingane i pleie-/omsorg ;

På grunn av flott innsats frå HBO kan dei eldre bo lengre heime i eigen bustad. Men det resulterer i at dei eldre er meir pleietrengande også når dei kjem vidare i systemet til dagsenter, institusjon eller bukollektiv. Presset på tilsette aukar i same takt i heile HS. Etter samhandlingsreforma kjem også brukarane raskare ut av sjukehus enn tidlegare. Dei kjem då tilbake til kommunen med større pleiebehov + rehabiliteringsbehov utan » ekstra hender» for å pleie dei. Det oppstår kork i systemet på grunn av for få plasser for personar med sjukdomen demens og fordi pårørande helst ikkje vil flytte sine kjære vidare i systemet til pleiebustadar med rett kompetanse. Tilsette ønsker å gi god omsorg og pleie, men fordi den enkelte bruker krev meir tid vert berre det som er mest naudsynt utført. Ein konsekvens er stress, følelse av å ikkje meistre kvardagen og sjukefråvær. Ein måte å løyse problemet på er kompetanseheving , auka bemanninga samt god dialog med pårørande for å flytte rett brukar til rett tilbod i kommunen.

Utvalet er svært nøgde med at kommunestyret i budsjettet for 2013 har gjort vedtak om auke av stillingsressursane ved HBO og meiner det er eit steg vidare i arbeidet for redusere sjukefraværet.

4. Eventuelt

- a) IA-kontakten Grethe Skog frå Nav Arbeidslivssenter vil foreta besøk til alle einingane i løpet av året og har laga ein plan for det. Ho vil ha møter med leiarane og eventuelt tillitsvalde og vernomboda og ein har høve til å drøfte ulike saker som høyrer inn under IA-avtalen. På vårparten vil ho besøke skulane og barnehagane og til hausten einingane i helse og sosial.
- b) Samling for seniorane.
Personalkonsulenten informerte om arbeidet med å førebu samling for seniorane. Forslag vil bli lagt fram for rådmannen.

Påskrift etter møte;

Jfr møte 10.01.13 - ad pkt 1 d):

Problemer kan oppstå i samband med at ein føder for tidlig og max.dato vert endra. Det er ikkje alltid leiar/tilsett er merksame på endringa. Problemstillinga er lagt fram for NAV som svarer slik;

NAV har ikkje ansvar i forhold til å informere bedriften om dette. Arbeidsgiver kan imidlertid kontakte NAV dersom man ønskjer å få opplysninger om max dato, i de tilfeller arbeidsgiver forskutterer fødselspengar.

Oppfordringa frå sakshandsamar i NAV er at arbeidstakar og arbeidsgiver har dialog i forhold til faktisk fødedato, for å unngå unødig forvirring om tilbakekomst – planlegging av turnuser og ytelser ellers. Det kan derfor være hensiktsmessig at leiar minner spesielt om dette i forkant av svangerskapspermisjon.

Karoline Bøe
Personalkonsulent

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 25.02.2014

**SAK 04/14
EVENTUELL GJENNOMGANG AV TEMA FRÅ UTVALA SINE MØTEBØKER**

I sak 08/12 vart arbeidet med gjennomgang av fagutvala sine møtebøker fordelt på medlemmane i kontrollutvalet. Det blir lagt opp til ein eventuell gjennomgang.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 25.02.2014

**SAK 05/14
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT -
ORIENTERINGSÅK**

Som vedlegg følger:

- Notat frå interimsgruppa – Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

Det blir vist til vedlagte notat. Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen, vil gi ei nærare orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**Kommunal revisjon i
Møre og Romsdal**

30. august 2013

Møre og Romsdal – kommunal revisjon

Ønske om å få etablert et interkommunalt samarbeid om revisjon for alle kommuner og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har flere ganger vært oppe til vurdering.

Høsten 2012 ble en invitasjon til samarbeid sendt fra styret i Kommunerevisjonsdistrikt II til kontrollutvalget i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne invitasjonen ble behandlet i kontrollutvalget og deretter i fylkestinget. Det ble her vedtatt å utrede alle sider ved et samarbeid med Kommunerevisjonsdistrikt II, i tillegg ble det åpnet for at andre kommuner i fylket kan bli med i utredningsarbeidet. Fylkestinget vedtok også at utredningen skal legges fram for fylkestinget før eventuelle forhandlinger om etablering av en felles revisjonsenhet.

Etter positivt vedtak i fylkestinget har interessentene i samarbeidet satt ned en interimsarbeidsgruppe med deltagere fra kontrollutvalgene og fra revisjonsenhetene. Interimsarbeidsgruppen har sendt invitasjon til alle kommuner v/kontrollutvalgssekretariatet og revisjonsdistrikt i fylket, og invitert dem til å delta i arbeidet. Etter denne invitasjonen er det foreløpig Distriktsrevisjon Nordmøre IKS som har meldt sin interesse for å delta i utredningen, og derved er blitt med i interimsarbeidsgruppa.


Interimsarbeidsgruppa har nå følgende deltagere:

| Navn | Rolle | Fra |
|-------------------------|----------------------|--------------------------------------|
| Ingvild Bye Fugelsøy | Revisor/tillitsvalgt | Distriktsrevisjon Nordmøre IKS |
| Anny Sønderland | Revisor/tillitsvalgt | Kommunerevisjonsdistrikt II |
| Ronny Rishaug | Revisor/tillitsvalgt | Fylkesrevisjonen |
| Åse Eriksen | Sekretær | Kontrollutvalgene i Romsdal |
| Harald Svendsen | Sekretær | Kontrollutvalgene på Nordmøre |
| Hans Blø | Sekretær | Kontrollutvalget i fylkeskommunen |
| Sigmund Harneshaug | Revisjonssjef | Kommunerevisjonsdistrikt II |
| Finn Å. Ødegård | Revisjonssjef | Fylkesrevisjonen |
| Bjarne Dyrnes | Revisjonssjef | Distriktsrevisjon Nordmøre IKS |

Interimsarbeidsgruppa mener utredningsarbeidet må ha en forankring hos alle deltagere og foreslår at det etableres en styringsgruppe som leder dette arbeidet. De som ønsker å delta i utredningen inviteres til et møte i representativt organ hvor styringsgruppen velges, og hvor mandatet for utredningen blir fastlagt.

Interimsarbeidsgruppen legger i dette notatet fram forslag til mandat, organisering og framdriftsplan for utredningen.

Prosesskart



Mandatet for utredningen

Alle kommunene som er invitert med i utredningen er godt fornøyd med sine revisjonsenheter i dag. Det er derfor framtidens utfordringer og hvordan disse skal møtes som er grunnlaget for utredningen. Arbeidsmarkedet er stramt i vår region, og det har vært utfordringer med rekruttering av revisorer ved enkelte anledninger. Kommunal revisjon vil også av enkelte arbeidssøkere kunne oppleves som en nisje i markedet, noe som kan gi større utfordringer på området i framtiden. En større revisjonsenhet gir større fagmiljø og kan bidra til breiere og bedre rekruttering. Utredningen bør derfor ha som fokus hvordan en kan bidra til å beholde og rekruttere kompetansen kommunene har behov for i framtida.

Trenden i revisjonsbransjen er større enheter, noe som også reflekterer samfunnsutviklingen innen kommunesektoren. Samhandlingsreformen er et eksempel som stiller nye krav til kompetanse for både kommunene selv og kommunens revisor. Blir det færre og større kommuner i fremtiden er det med på å forsterke behovet for større revisjonsenheter.

Vi foreslår at utredningen blir gjennomført etter følgende mandat:

Utredningen skal innledningsvis beskrive revisjonens oppgaver, lovmessig grunnlag og intensjoner for den kommunale revisjonsordningen, herunder avgrensning i forhold til rådmannens ansvar for internkontroll og tilsynsmyndighetenes virkefelt.

Utredningen skal beskrive hvilke krav og målsettinger som er relevant å stille til en framtidig interkommunal revisjonsordning. Videre skal den belyse fordeler og ulemper med en

sammenslåing av revisjonsenhetene sammenholdt med dagens ordninger, herunder i hvilken grad en sammenslåing av enhetene kan bidra til økt kompetanse, høyere kvalitet på revisjonstjenestene, høyere produktivitet eller andre fordeler. Dagens kompetansebeholdning i revisjonsenhetene må også kartlegges.

Alternative organisasjonsmodeller og samarbeidsordninger skal være en del av utredningen. Her skal det belyses hva slags bindinger og forpliktelser en eventuell endring av revisjonsordningen vil innebære for kommunene, herunder muligheten for framtidig uttreden av ordningen. Ansattes rettigheter og forpliktelser belyses i utredningen.

Det skal belyses hvordan eierkommunene kan utøve eierstyring dersom revisjonen organiseres som et interkommunalt selskap(IKS).

Utredningen skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonsenheten og sekretariatet for kontrollutvalgene.

Organisering av utredningsarbeidet

Det har vært gjennomført flere utredninger om kommunal revisjon i Norge de siste årene. Vi har sett på organisering av en tilsvarende utredning på Romerike som førte frem til et felles revisjonsselskap for kommunene der. Vi foreslår i hovedsak å bruke den samme organisering av vår utredning.

Som nevnt innledningsvis foreslår vi at det etableres en styringsgruppe som leder utredningsarbeidet.

Vi har i dag to revisjonsselskap og fylkesrevisjonen som har meldt sin interesse for å delta i utredningsarbeidet. Styringsgruppen kan bli veldig stor dersom alle aktuelle kommuner og fylkeskommunen skal være representert. Vi foreslår derfor at det blir ett medlem fra ett av kontrollutvalgene som tilhørere hver revisjonsenhet i styringsgruppen, til sammen blir det da 3 medlemmer pr dato. For å ha en sterkest mulig forankring politisk mener vi at det er kontrollutvalgsledere som fortrinnsvis må velges til dette. Et alternativ kan være å velge leder av representantskapet eller styret for revisjonsenheten, noe som gir en god forankring mot dagens revisjonsenhet på overordnet nivå. I tillegg mener vi det må være en representant fra de ansatte i styringsgruppen, denne velges av de ansatte.

Vi foreslår også at det settes ned en arbeidsgruppe som skal gjennomføre utredningen.

I arbeidsgruppen foreslår vi at revisjonssjefene i aktuelle enheter deltar, samt at de ansatte får velge en representant. Prosessen involverer svært mange kommuner og flere revisjonsenheter så vi anbefaler også at det vurderes å ta inn en ekstern utredningsleder som kan lede prosjektet.

Dersom flere revisjonsdistrikt/kommuner ønsker å delta i utredningen mener vi at det på samme måte som ovenfor, også da velges en kontrollutvalgsleder fra en av kommunen i det aktuelle revisjonsdistriktet inn i styringsgruppen.

Det bør også velges personlige varamedlem til alle deltagere i styringsgruppen.

Styringsgruppen og arbeidsgruppen kan selv velge sin organisering, men vi anbefaler at det velges en leder for hver av disse som har et særskilt ansvar for fremdriften i arbeidet.

Framdriftsplan

Vi ser mange fordeler med en effektiv framdrift på utredningen. Det er likevel svært mange kommuner involvert og arbeidet vil nødvendigvis ta tid.

Vi legger frem følgende forslag til overordnet framdriftsplan:

- Konstituerende møte med valg av styringsgruppe – innen 30.11.2013
- Utredning lagt frem av styringsgruppen – innen 30.04.2014
- Behandling i respektive kommunestyre/fylkesting – innen 30.06.2014
- Forhandlingsfase for etablering av ny revisjonsenhet – 1.7 til 31.12.14
- Eventuell etablering av ny revisjonsenhet – innen 30.6.2015

Det er mest praktisk å etablere en ny revisjonsenhet 1.7.2015 pga revisjonsarbeidet for regnskapsåret 2014 blir avsluttet i løpet av første halvår 2015.

De kommuner som ønsker å delta i arbeidet må avklare dette innen konstituerende møte i styringsgruppen.

Vi ser at utredningsarbeidet må delvis gjennomføres i årsoppgjøret som er den mest krevende tid for revisjonsenhetene, vi tror derfor det må beregnes såpass tid på dette.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 25.02.2014

**SAK 06/14
MOTTEKE BREV FRÅ ØYRA ENTREPRENØR AS OM HABILITET**

Som vedlegg følger:

- Brev datert 15.01.2014 frå Øyra Entreprenør AS

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

I flg. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dette går fram av § 4 som lyder slik:

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.

Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein kommunal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker. Men då må formell klageadgang vere fråværende.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønsker det og økonomiske ressursar er stilt til disposisjon, undersøkje saksbehandlinga i kommunen. Kontrollutvalet må ut i frå det som her er nemnt vurdere om det er ønskjeleg å gå inn i denne saka.

Sekretariatet tilrår at det i første omgang blir ein gjennomgang av problemstillingane i møte der rådmann er til stades.

Harald Rogne
dagleg leiar



Sula kontrollutval
v/Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Vår ref.:
14/977

Saksbeh.:
BVA

Ark.:
Q03, &02

Dykkar ref.:

Dato:
22.01.2014

OVERSENDING AV MELDING TIL KONTROLLUTVALET

Syner til vedlagte brev frå Øyra Entreprenør v/Magnar Indrevåg og sender over brevet til Sula kontrollutval slik avsendar ber om.

Avsendar er orientert om at brevet ikkje er unnateke offentlegheita.

Med helsing

Birgitte Valderhaug
Avdelingsingeniør

| Dok. dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|------------------------------|--------|
| 17.01.2014 | Melding til Kontrollutvalget | 203167 |
| 22.01.2014 | Oversendings e-post. | 203166 |

| | | | | |
|---|---|--|---|------------------------------------|
| Adresse: Postboks 280 6039 LANGEVÅG | Telefon: Sentralbord: 70 19 91 00 Saksbeh: 70199100 Telefaks: 70 19 91 01 | E-post: postmottak@sula.kommune.no Web: www.sula.kommune.no | Bankgiro: 8647 10 92152 Skattekonto: 6345 06 15317 | Foretaksnr.: 964 980 543 |
|---|---|--|---|------------------------------------|

ØYRA ENTREPRENØR AS

Til kontrollutvalget i Sula kommune
Ved leder

Eidsnes 15.01.2014

BEKYMRINGS- /UNDRINSMELDING VEDRØRENDE BRØYTING I SULA KOMMUNE


Undertegnede har siden midten av 90 tallet utført brøyting for Sula kommune både på private og kommunale veier. Stort sett har retningslinjene og anbudsunderlaget for brøyting vært lik hele denne tiden. I en periode var brøytingen satt ut på fastpris men i denne anbudsperioden som tok til i 2010 og frem til i dag har systemet vært basert på en fast beredskapspris kombinert med timepris for utført brøyting.

I retningslinjene for brøyting er veiene delt inn i kategoriene hovedsamlevei, samlevei og tilkomstvei. For hovedsamlevei skal brøyting starte ved 7 cm snødybde og innen seks timer skal disse veiene være gjennombrøytet. For samlevei og tilkomstvei skal brøyting starte ved 10 cm snødybde og det skal her være gjennombrøytet innen 10 timer. I tillegg er det satt en frist på 8 timer for alle 3 veitypene til å brøyte ut veien i full bredde og til å foreta nødvendig rydding. Dette skal utføres umiddelbart etter at gjennombrøyting er gjennomført.

Retningslinjene er klare og greie og neppe til å misforstå. Til tross for dette ble vi en smule forundret da det etter oppstart i første brøytesesong nærmest ble presentert en nulltoleranse for klager i forbindelse med brøyting selv om gjennomføringen var innenfor retningslinjene i brøyteinstruksen. Dette vil i praksis medføre at brøyting må startes opp ved første antydning til snøfall. I klartekst innebærer dette en kraftig økning av gjennomført brøyting i henhold til det brøyteinstruksen legger opp til. Før ble vi holdt i ørene og bedt om å vente til det var absolutt nødvendig å foreta brøyting slik at vi klarte oss med ei gjennomkjøring. Dette er også i tråd med gjeldende praksis i vår nabokommune Ålesund der man i tillegg også har kuttet ned brøyteberedskapen til 16 uker hvor vi til sammenligning i Sula kommune har 28 uker. Vi skjønner ikke hva som er vitsen ned retningslinjer og kontrakt hvis ikke dette skal være bindende for kommunen og kontraktør.

Brøytingen i Sula kommune sorterer under pbd utvalget. Svigersønn til leder av pbd utvalget har i to år brøytet hovedveiroden i Langevågen. Fra i år av har også sønnen til pbd leder vært engasjert i brøytearbeidet. Til tross for at utvalgsleder helt klart er å anse som innhabil i alle henseender som har med brøyting å gjøre fortsetter han personlig å lede dette arbeidet. Etter siste møte i pbd utvalget der også undertegnede var til stede er det liten tvil fra min side om at det er en annen og underliggende agenda som styrer arbeidet til utvalgsleder.

Vi håper på og ber om at kontrollutvalget vil se på saken og ber om en tilbakemelding.

Med hilsen
For Øyra Entreprenør AS

Magnar Indrevåg

Øyra Entreprenør AS
Bjørkavågneset 15
6037 Eidsnes
Foretaksnummer:
984 737 831

Postadresse:
Postboks 7789
6022 Ålesund

Telefon: 90 53 01 21

E-post: magnar.indrevaag@mimer.no